

Aksjon Bygde-Norge (ABN)
v/arbeidsutvalet
Adresse: Dyrkolbotn Fjellstove
5994 VIKANES

Til
Nærings- og Handelsdepartementet
Pb. 8014 Dep
0030 OSLO

HØYRINGSFRÅSEGN TIL TENESTEDIREKTIVET

Samandrag

ABN ser at det vert vanskeleg å få til utvikling på bygdene og i andre lokalmiljø dersom Norge akpterer tenestedirektivet. Dei folkevalde vert fråtekne makt og midlar til å styre utviklinga dit dei ynskjer. Tenestedirektivet sin viktigaste funksjon, er å forby land å ha særeigne lovreglar og ordningar på området. Kvar tenesteytar skal vere sin eigen lukke-smed på ein gjennomregulert konkurransemarknad, og spelereglane vert vedtekne i Unionen.

Avgjersmyndet vert flytta så langt bort at ålmenne felleskaps-organ som kommunestyre og bygdelag ikkje når fram med påverknad, sine ynskje og argument. Dei som kan nå fram, er sterke sektorinteresser, som store selskap og interesseorganisasjonar med mykje pengar til å drive "lobbying". Dette er ei udemokratisk utvikling vi vil åtvare imot. Vi får eit korporativt system der særinteresser og organisasjonar styrer utviklinga.

Grunnlag og argumentasjon

Hovudgrunngevinga for å vedta direktivet, var å sikre "fri flyt" = "fri konkurranse" av tenester i Europa. Tenester er ei av dei 4 "fridomane" og fri-flyt-områda i EU og EØS. Difor set Unionen forbod mot "konkurransehindringar" i Europa. Alle EU-landa sine reglar og system skal vere harmoniserte, altså like. Eigne nasjonale krav/lover er berre tillate på smale felt.

Begrensningane av landa sin sjølvråderett på tenesteområdet, må ein forstå ut av samanhengen i direktivet, men det kjem også tydeleg fram om ein les artikkel 16, punkt 3:

Land " ..skal ikke forhindres fra å pålegge offentlige krav med hensyn til en tjenestevirksomhet der disse kravene er begrunnet i offentlig orden, offentlig sikkerhet, folkehelsen eller vern av miljøet, og dessuten er i samsvar med nr. 1. Medlemsstaten skal heller ikke forhindres i å anvende, *i overensstemmelse med fellesskapsretten*, sine regler om ansettelsesvilkår, herunder slike som er fastlagt i kollektive avtaler". (vår utheving)

Dette må ein ut frå samanhengen tolke antitetisk, slik at nasjonale og offentlege vedtak og lover på heile tenesteområdet berre er lovlege så lenge dei ikkje strir mot "fellesskapsretten" i EU, og berre om dei har ei av dei få "godkjende" grunngevingane.

Dermed vert det forbode å setje krav eller gjere val med den grunngevinga at ein ynskjer lokalt eigarskap. Det kan heller ikkje krevast buplikt på gardsbruk. (art.16, nr 2 a) Då måtte ein i tilfelle grunnkje buplikta med at det går på tryggleik eller helse laus om ikkje eigaren bur på garden, og det er det neppe grunnlag for å seia. Det vert likeeins forbode å gjere val om å fordele oppdrag på fleire, for å sikre mangfald og konkurranse i framtida. Det vert forbode å diskriminere “utlendingar” frå andre EU-land (men OK med afrikanarar), så konsesjonslovene må endrast.

“Tjeneste” er i artikkel 4 definert som “all økonomisk virksomhet som drives av selvstendig næringsdrivende...” Etter artikkel 16 m. fl skal private ha RETT til å yte tenester på alle område, også dei som er offentlege i dag. Litt er halde utanfor (td. overvakingstenesta), og noko er utsett til seinare (td. sosial/omsorg). Men det kjem, prinsippa i direktivet gjeld for sosial-sektoren også.

Det er logisk at reglane må vere like, dersom tenesteområdet skal vere ein einaste stor konkurranse-plass. Alle som har prøvd å arrangere ein konkurranse, veit at det må vere same reglar for alle som er med i konkurransen. Det meste er forbudt, og det trengst mykje reglar, kontroll og dirigering i store konkurransar. Korleis skulle det gå om det var lov å fuske? Lobbyistar (pengar) står fritt til å “påverke” kva konkurransereglar og krav som skal gjelde. EU-kommisjonen set mengdevis med krav! Og forbod. Helst slike som passar lobbyistane. Eit døme er at det berre kan setjast kravspesifikasjonar som står i ein “standard” ved offentlege innkjøp. Og så hestehandlar dei om kva som skal vere “standard”, td. innafor data/IKT. Poenget er at det skal vere likt i Unionen. Og poenget er at stat og kommune ikkje sjølv får lov til å gje fordelar til nokon. Private kan gjerne handle “usportsleg”. Men det offentlege skal tvingast til å velge vinnaren: “den-økonomisk-mest-fordelaktige” i anbuds-konkurransar. “Fri” er då berre eit tomt ord. Her vert det ikkje mykje fridom, her vert det mykje bunden konkurranse!

Konkurransetvang er alt innført for offentlege innkjøp. Kommunar har ikkje mykje styringsfridom i varekjøp! Det er kombinasjonen av fleire regelsett som fråtek kommunane og staten valfridomen og handlefridomen: tenestedirektivet + direktivet om offentlege innkjøp (no: lov og føresegnar om offentlege anskaffelser) + forbodet mot å yta næringsstønad m.m.

Tenesteområdet står for 70 % av brutto nasjonalprodukt i EU. Innafor heile dette området vert Stortinget, – lovgjevaren i fylgje Grunnlova – sett under administrasjon av Unionen om Norge godkjenner tenestedirektivet. Dette er svik mot grunnlova! Men i den juridiske teorien er store deler av grunnlova alt bortforklart, paragraf for paragraf. Skal dette bortforklarast også?

Med tenestedirektivet forsvinn dei siste restane av norsk sjølvråderett. Skal vi tillate konkurranse-regel-konstruktørane i EU å bestemme, eller skal folket – gjennom kommunestyre, Storting og Regjering styre vårt samfunn? Skal våre folkevalde få lov å handle fritt, - velge mellom alle gode omsyn? Eller skal dei berre få velge mellom den eine tingen som er “økonomisk-mest-fordelaktig” etter Unionen sin definisjon? Kva skal vi med dei folkevalde då?

Det verste er likevel at alle europeiske folkevalde organ ved fri-flytideologien vert hindra i å styre si eiga samfunnsutvikling. Demokratimotstandarar og diktatorar frydar seg nok over innføring av tenestedirektivet i vår del av verda. For då er vi snart der at demokratiet har gjort sjølv mord. Vi vert ein utslått konkurrent.

Kva me kan få til utan tenestedirektivet.

Aksjon Bygde- Norge ynskjer stor lokal aktivitet. Pengestraumane bør gå slik at den er inno m mange lokale aktørar før dei forsvinn frå området. Ein kan sjå det slik at det vert skapt ein verdi

kvar gong pengane skiftar hand i bygda – og i byen. Å samle verdiane i store selskap og få aktørar, er lammande for aktiviteten lokalt. Dessutan hindrar det den sunne konkurransen og skaparkrafta på lang sikt. Avdi dei små aktørane ikkje får sleppe til.

Lokalpolitikarar og andre som lever midt oppe i eit allsidig og mangfaldig samfunn, vil automatisk ta omsyn til at miljøet rundt dei skal bestå. Dei lokale vil sjå og vurdere mange tilhøve som verkar inn på livsvilkåra for dei ulike, og deira representantar/styringsorgan bør få handlingsrom. Det bør vere lov å legge tilhøva til rettes for ynskjeleg utvikling, å avhjelpe problem som oppstår, eller gje stønad til satsing på eit område som er nyttig for bygda (eller byen). Men dette vert forhindra gjennom tenestedirektivet, avdi slik styring vert definert som “diskriminering” eller “konkurranshindring”.

Tenestedirektivet er difor med på å endre rettsoppfatninga når også lokalpolitikken er styrt av direktiv som detaljregulerer kvardagen vår, utan at vanlege folk kan sjå at dette er fornuftig. Politikaforakta vil auke og lysta til å delta i styring av lokalpolitikken vil forsvinne.

Eit døme

Oppdrettsnæringa er eit godt døme på korleis utvilninga kan bli på eit tenesteområde når ein innfører tenestedirektivet. På byrjinga av 70 talet var politikarane svært opptekne av at oppdrettsnæring skulle forankrast til grunneigarar og styrast av lokale interesser. Det vart difor sett konsesjonsvilkår om at ein ikkje kunne ha meir enn eit oppdrettsanlegg pr. eigar, og grenser for storleiken på annlegga. Då politikarane ikkje lenger ville oppretthalde den lokale eigarskapen på 80 talet, tok ein vekk desse vilkåra. Ein av dei store pådrivarane for dette var kapital interessene som såg kor mykje pengar/forteneste som låg i denne næringa. Resultatet ser me i dag: skipsreiar Johan Fredriksen har fått kontrollen over det største selskapet i næringa, på bekostning av lokale eigarstukturar og lokalt sjølvstyre. Med tenestedirektivet hadde det ikkje ein gong vore lovleg å prøve å få til ei slik styring som politikarane gjorde på 70-tallet.

Konklusjon

ABN går mot innføring av tenestedirektivet fordi dette er med og undergrev det Norske demokratiet, herunder lokaldemokratiet i bygde-Norge. Tenestedirektivet tek frå oss retten til å lage lokale ordningar som er tilpassa våre behov. Det tek frå oss retten til å delta i avgjerdsprosessar, og å påverka vår eiga framtid.

Vikanes, 22.02.2007


Signhild Dyrkolbotn


Heine Århus

Åsmund Berthelsen/s